



Ordføreren og dagleg leiar Tor Vidar Sæle ved eit tidlegare høve (Foto Ola Matti Mathisen)

**Styreleiar i Kvinnherad Vekstbedrift Hans Berge og ordførar Synnøve Solbakken har ulik oppfatning av om verksemda er underlagt offentlegheitslova, konstaterar ordføreren etter å ha møtt på eit ekstraordinært styremøte i dag. Difor er søkjarlista på jobben som dagleg leiar framleis ikkje gjort offentlig sjølv om fleire av dei 11 namna no er kjende. Ordføreren seier at det var eit greitt møte utan at ho førebels har konkludert,**

Ho seier til Grenda at ho har hatt nokre spørsmål til styret i samband med tilsetjinga og habilitet i styret og begge deler vart det gjort greie

for i dag.

Ordføreren vil bruke nokre dagar på å gå gjennom informasjonen og orientera formannskapet snart.

Både ho og Berge skal møte i kontrollkomiteen 25. mars for å orientera om prosessen sett frå deira ståstad.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen